

Styremøte i Norsk medieforskarlag (NML)

Referat 8. juni 2020

Kl. 14.00-15.00 (Zoom)

Til stades: Eiri Elvestad (leiar), Lisbeth Morlandstø, Marika Lüders, Magnus Hoem Iversen, Balder Holm og Terje Skjerdal (ref).

Forfall: Hanne Hestvik Kleiven

1. Innkalling

Godkjend.

2. Referat frå styremøte 20. april 2020

Godkjent.

3. Status på studiestadene

Folk har stort sett heimekontor framleis. UiO har hatt sin første digitale disputas. Usikkert med opptak til internasjonale studium/emne ved dei ulike institusjonane til hausten. Fleire planlegg digital oppstart.

5. Medieforskarkonferansen Oslo 22.-23. okt 2020

Ser ut som konferansen vil bli fysisk – men med smitteverntiltak. Endeleg bestemt i august (under alle omstende vil det bli digital konferanse). Når det gjeld prisar (heider, formidling, master og artikkel), oppdaterer Magnus teksten på nettsida. Frist for nominering: 1. september 2020 for alle prisane.

6. Tekst til beste artikkel-pris (ny pris)

Eiri la fram utkast til tekst, styret gav innspel. Prisen er berre tenkt for tidsskriftartiklar (kan eventuelt endrast seinare dersom det vert protestar). Minst 50 % av det samla bidraget må koma frå norske medieforskrar. I komiteen sit Halvard Moe, Espen Ytreberg og Lisbeth Morlandstø.

7. Innkrevjing av medlemsavgift, oversikt over medlemer

Det verkar for oss som det har vore ein del rot frå Universitetsforlaget si side – innkrevjinga kjem på ulike tidspunkt, me får feil lister, folk vert sletta «mot sin vilje», osb. Mogleg å ta hand om innkrevjinga sjølv? Magnus og Terje undersøkjer.

8. NordMedia 2021 (Island)

Balder og Eiri var på møte i den nordiske samarbeidskomiteen i dag (8. juni). Tema vil bli omtrent: "Crisis and resilience: Media research at the frontline." Treng framleis innspel på hovudinnleiarar.

Neste møte:

- Fredag 21. august 10.00-11.00 (Zoom)

Terje Skjerdal (ref)